

Kort ordning for nauddåp

Denne ordninga vert nytta når det hastar med dåpen.

A | Ved dåp av born

Den som utfører dåpen, bed:
Herre Jesus, ta imot dette barnet.

Deretter auser ein vatn over hovudet til barnet tre gonger og seier:

(Namnet vert nemnt, dersom det er fastsett) . Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Ligg barnet i kuvøse, stryk ein i staden vassdropar med fingertuppene tre gonger på hovudet til barnet.

Deretter bed den som utfører dåpen, Herrens bøn, gjerne saman med dei som er til stades:

Fader vår, du som er i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød.
Forlat oss vår skuld,
slik vi òg forlet våre skuldmenn.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

Når tilhøva gjer det naturleg, sluttar handlinga med salmesong.

B | Ved dåp av vaksne

Den som utfører dåpen, bed:
Herre Jesus, ta imot (namnet vert nemnt) ..

Deretter auser ein vatn over dåpskandidatens tre gonger og seier:

(Namnet vert nemnt) . Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Deretter bed den som utfører dåpen, Herrens bøn, gjerne saman med den døypte og dei som er til stades:

Fader vår, du som er i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød.
Forlat oss vår skuld,
slik vi òg forlet våre skuldmenn.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

Når tilhøva gjer det naturleg, sluttar handlinga med salmesong.

